



# Kulturverntenesta i Nordhordland

# Årsmelding 2012

Kulturverntenesta i Nordhordland vart oppretta med to stillingar i 2006 for å gje råd og rettleiing i museums- og kulturminnesaker til private og forvaltning i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy. Bygningsverntenesta er eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune som disponerer 40% av stillinga. Kulturverntenesta har også ansvar for drift av Ådnatun. Ei lokalhistorisk samling etter Lars og Kari Ådna frå Indre Arna.

Mykje av arbeidet i KIN har også dette året vore knytt til prosjektet Senter for immateriell kulturarv (SIK) med m.a. planlegging og gjennomføring av tiltak, nettverksbygging og utviklingsprosesser. Det er utarbeidd eigen rapport for SIK-prosjektet.

## **Personalet**

Utanom stillingane som museumskonsulent og bygningsvernkonseulen vart det frå årsskiftet oppretta ein 20% stilling i Ådnatun. Sissel Småland vart i januar tilsett som museumskonsulent i Ådnatun.

## **Forvaltning av kulturminne**

KIN gitt råd og rettleiing om istandsetjing av bygningar og forvalting og formidling av kulturminne i kommunal og privat eige. Det varierer med kven og i kva omfang tenestene vert etterspurt og kor omfattande hjelp KIN gir. Mykje av arbeidet er knytt til rådgjeving og arbeide i samband med søknadar.

### Av konkrete prosjekt kan nemnast:

Synfring på Krossøy i Austrheim vedr tiltak i samband med formidling av kulturminne,

Synfaring og rådgjeving i samband med rekonstruksjon av kvernhus – Holme i Meland.

Synfaring og rådgjeving i samband med istandsetting av vernemur på Kartveit i Radøy

Synfaring, rådgjeving og dokumentasjon av løe i samband med istandsetting og ombygging til ny bruk av løe – Svaena/Eknes i Lindås.

Synfaring og rådgjeving vedr istandsetting av leinstove Moldekleiv – Meland

Møter og synfaringar vedr Matre Hotell og reguleringsplan omkring.

Dendrodatering av løe i Alversund

Møte og synfaring vedr sveitserhus i Masfjorden som skal rivast. Kin har laserscanna dette for dokumentasjon.

Møter og synfaringar i samband med byggensak på verneverdig leinstove Lygra i Lindås.

**Matre hotell:** Sidan 2007 hr KIN vore involvert i arbeidet med Matre hotell. Den gong var det eit eigarstyre som eigde, og hadde planar for hotellet. KIN søkte då om midlar til istandsetting og klarte å skaffe 700000 til istandsetting av taket. I 2009 vart hotellet sold til ein privatmann som ynskte å



rehabilitere hotellet og å selje fritidsleiligheter i det. Dei første planane som vart presenterte var ikkje i tråd med det ein kan kalle ei antikvarisk istandsetting og diskusjonane har vore lange og mange. No har vi (eigar, museet, fylket og arkitekten) omsider kome fram til ei løysing som alle kan leve med og eigaren kan gå vidare i prosessen. Då hotellet har skifta eigar og tida har gått har midlane til istandsetting felle bort og vi må söke på nytt. Dette arbeidet hjelper KIN no til med.



Sætre har delteke på arbeidsmøter vedr handsaming av söknadar i Prosjekt Bryggen.

Han har også, i samband med HFK, utarbeidd planar **for dendrodatering** i Hordaland 2012. KIN har i oppdrag frå HFK ansvar for dette arbeidet.

(Foto: kurs i dendrodatering)

Arild Sætre er leiar i museumssenteret si faggruppe for Bygg teknisk drift og har fylgt opp internt arbeide m.a. med istandsetting av 1900 bygget – Norsk trikotasjemuseum.

Jordal er leiar i faggruppa for Samlingsforvalting og har delteke m.a. i pilotprosjektet «Tilvekstføring av samlingane». Dette gir nyttig erfaring og overførbar kunnskap om samlingsforvalting.

Samarbeide om seminaret «Lag på lag» - Forvaltning, forsking, formidling og fornying i freda kulturmiljø - databasar og 3Dmodellering, arrangert på Havrå. Føremålet med seminaret var å drøfte mogelegheiter og avgrensingar i høve til metodar og teknologi som finns for å få til ei betre forvaltning, forsking, formidling og fornying av freda kulturmiljø. Det møtte representantar frå Skog og landskap på Ås, NIKU, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Universitetet i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane samt private. Det blir no sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med å utarbeide ein modell for forvaltning, forsking, formidling og fornying i freda kultur.

## Formidling

Tilbodet «**Mat til bymann og stril**» vart gjennomført i perioden 22.10-21.11 i kommunane Tysnes, Austevoll og Samnanger, som ein del av DKS Hordaland sitt tilbod til grunnskulen. Det deltok tilsaman 386 elevar og det var med tilsette frå mest alle avdelingane i Muho.

### Nordatlantiske handverkstradisjonar 2012

Arbeidet med **Nordatlantiske handverkstradisjonar** har som mål å etablere samarbeide og nettverk i det nordatlantiske kulturområdet om levande kulturarv og tema der vi har felles tradisjonar. Det har konkretisert seg i eit årleg arrangement med kurs, foredrag og andre kulturinnslag og er ein del av MuHo sitt prosjekt Senter for Immateriell Kulturarv (SIK). Arrangementet 2012 var **Levande kulturarv – Tekstildagar** på Osterøy museum. 9 -14.oktober. (samarbeide KIN-Osterøy Museum) Arrangementet dette året hadde som mål å trekke fram og formidla kunnskap om broderi, og saumtradisjonar og starte eit langsiktig arbeide med ull, og omfatta følgjande tiltak:

**Utstilling bunadar og broderi frå Nordhordland og Island** var ramme kring kurs og seminar og vart aktivt brukt med omvisingar og diskusjonar.

**Kurs:** 11 deltakarar fylgde kurs i smøyg og knipling. Kursa vart fylgt av **foredrag** om Broderi i kunst v. Anne Brit Ylvisåker, Norsk mellomalderbroderi og Huldredruken v Siri Benjamin og Åse Ljones som fortalte om korleis ho brukar broderi og tekstile teknikkar i sine kunstverk.

**Seminar - «Bunad+marknad=sant?» :** den levande kulturarven som ligg i bunadstradisjonar og

bunadsproduksjon. Kva skjer med denne i dag? Samarbeide med Sika og Bunad og folktratrådet. Det deltok 40 personar på seminaret.

**Ulldag:** formidling av kunnskap kring bearbeiding og bruk av ull og oppstart for eit langsiktig dokumentasjonsprosjekt om temaet.

### «Grindverk» - – internasjonal workshop i Modalen

Frå 17 – 21 september 2012 arrangerte KIN ein internasjonal workshop i Modalen. Dette var ei oppfølging av den internasjonale workshoppen vi var med på i Normandie i 2011.



Det var over 30 deltakarar med på workshoppen og 20 av desse var tilreisande frå 6 andre land. I løpet av denne veka vart det bygd eit tradisjonelt grindhus på 50 m<sup>2</sup>, ei utløe vart tekt med tradisjonelt nevertak og om kveldane var det og førelesingar om ulike tema knytt til tradisjonshandverk. I tillegg til grindhuset og nevertaket vart det laga ein grind/portal med kannelerte stavar. NRK og lokal presse dekka hendinga på ulikt vis.

på ulike vis denne veka vi var der.

Modalen kommune tok svært godt mot oss og hjelpte oss

## **Andre formidlingstiltak:**

- Artikkel til bok om fransk/engelsk bok om tradisjonshandverk
- Førelesning på fylkesmannen sitt seminar om ledige landbruksbygg – Salhus
- Presentasjon på Interpret Europe-konferansen i Pisa, mai

## **Fornyng – kompetanseheving, nettverk m.m.**

### **Kompetanseheving/bruk av ny digitale verktøy**

Arild Sætre har hatt ei veke med **opplæring/kurs i 3D dokumentasjon** i samarbeide med Marcin Gladki.

Mariela Norheim har vore engasjert av KIN for eit internt kurs i **digitale forteljingar**. Frå KIN deltok Solveig Jordal og Sissel Småland.

### **Andre kompetansetiltak**

Solveig Jordal har delteke på **fagdagar** ved Bevaringstenestene 20.1. og Kunstmuseene 10.2., på **RA sitt seminar «Kulturminneplanar i kommunane»** 20.3. i Oslo og på North Atlantic Native sheep and whool Conference på Seim 29.3.-2.4.

Jordal og Sætre deltek på konferansen **Interpret Europe** i Pisa 19-23.mai. Sætre med presentasjon saman med Atle ove Martinussen.

**Konferanse Trondheim:** 6 deltakarar frå Muho var med på Norsk kulturråd sin konferanse 22-23.10 i Trondheim om immateriell kulturarv. 3 deltok også på SIKA sin konferanse om same tema 24.10. Atle Martinussen deltok med foredrag og Havråfilmen vart vist som ein del av programmet.

**Skandinavisk seminar/workshop om dendroprøver og dendroanalyse** 22 og 23 okt var Sætre på seminar, workshop og møte om dendrokronologisk prøve og analyse. Det var kun inviterte deltakarar på dette seminaret der det var 17 stk samla frå skandinavia og Tyskland. I vestnorge har vi problemer med dateringar mellom anna pga mit og andre insektskader. Eit av hovudtema på denne samlinga var å drøfte og å finne løysingar på denne problematikken.



I perioden 9-16.12 deltok Jordal på **internasjonal workshop om tekstilt handverk** i Ankara, Tyrkia. Det var plukka ut ca 20 deltakarar frå Europa som fekk dekka reise og opphold gjennom stipend frå Grundtvig-programmet (EU).

Jordal har i haust fylgt det praktisk-teoretiske studiet **Tekstilkultur I ved VKA, Voss**

**Studietur med VUS.** I Oktober var KIN v Sætre med VUS på studietur til Bremerhaven for å sjå på det tyske emigrasjonssenteret som ligg der. Bakgrunnen for synfaringa var å få idear og kunnskap om korleis Vestnorsk utvandringssenter skal utviklast vidare.

### Internasjonalt samarbeide

Som ein del av arbeidet med Sik-prosjektet og Nordatlantiske handwerkstradisjonar var Martinussen og Jordal på Færøyane og i Edinburgh for å knyte kontaktar og drøfte samarbeide. Det same var målet med deltaking på Interpret Europe konferansen i Pisa.



Tilsette ved KIn har både delteke på internasjonale workshops (Tyrkia) og vore arrangør for internasjonale workshops og utstilling i Nodhordland; grindverk i Modalen og Nordatlantiske tekstildagar på Osterøy.

Ved årsskiftet vert det arbeidd mot mogelege samarbeidspartar for EØS-prosjekt.

(Foto: båtbyggjarverkstad på Færøyane)



Sortering av ull, Osterøy Museum - Ullkammar, Nasjonalmuseet Færøyane - Sauesaks, Gordion, Tyrkia ca 500 f.kr - Sauer frå Radøy.

